



Fyresdal kommune



Kommunedelplan for nærings, landbruk og busetjing 2015 - 2018

Vedtatt av Fyresdal kommunestyre 17.06.2015

Innhold:

Innhold.....	2
1. Innleiing.....	3
2. Planprosess.....	4
3. Planperiode,revidering/evaluering.....	4
3.1 Rapportering.....	4
4. Hovudmål og prosjektmål for planperioden.....	4
4.1 Hovudmål.....	4
4.2 Sterke og svake sider, moglegheiter og trugsmål.....	5
4.3 Særtrekk og statistiske hovudtrekk for Fyresdal.....	6
4.4 Strategiar – oversyn.....	8
5. NÆRING – strategiar og tiltak.....	9
6. LANDBRUK – strategiar og tiltak.....	11
7. BUSETJING – Strategiar og tiltak.....	13
8. Vedlegg.....	14

Kommunedelplan for næring, landbruk og busetjing

1. Innleiing

Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

Frå Fyresdal kommune sin kommuneplan – samfunnsdelen 2005 - 2015.

Fyresdal kommune har ein overordna kommuneplan. Som tillegg til denne har kommunestyret vedtatt at det skal utarbeidast kommunedelplanar for fleire område, mellom anna ein felles kommunedelplan for områda næring, landbruk og busetjing.

Planen skal vere eit styringsverktøy for ein heilskapleg og langsiktig politikk, og retningsgjevande for alt administrativt arbeid innan desse felta. Den skal klargjere og formidle kommunen sin rolle og valde prioriteringar for utvikling gjennom plan- og rammeverk, økonomisk støtte, kommunale investeringar, rådgjeving og politisk arbeid. Planen skal bidra til at Fyresdal blir "ein framifrå stad å bu og virke".

I planen er det gitt ei kort situasjonsbeskriving, og det er sett på sterke og svake sider, moglegheiter og trugsmål for kommunen. I tiltaksdelen er det lista opp aktuelle strategiar, samt meir konkrete tiltak for å nå dei langsiktige måla.

Planen er bygd opp som ein strategisk plan, ved at ein definerer mål og strategiar, og deretter konkretiserer tiltak for å nå måla. Det er kommunen sine hovudmål som er lagt til grunn som måla i planen. Ein har valt ikkje å ha resultatmål. Sjølv om kommunen kan påverke strategiar, tiltak og prioriteringar, vil resultata og vere avhengig av sentrale og fylkeskommunale rammevilkår og prioriteringar. Det er difor lagt vekt på langsiktige mål, kva slags strategi vi skal velje for å nå desse, og kva slags tiltak vi skal ta i bruk.

I den grad det passar inn, er det tatt omsyn til føringar, prioriteringar og tiltak i Næringsplan for Vest-Telemark, og i fylkeskommunale planar. I Fyresdal kommune har det ikkje vore laga strategisk plan for næring dei siste 20 åra. For landbruk blei det 23.09.04 vedtatt ein plan for perioden 2004 – 2008, men den er seinare ikkje blitt revidert. 28.10.10 blei det vedtatt ein bustadpolitisk tiltaksplan utan tidsavgrensing.

Denne kommunedelplanen må sjåast i samanheng med Plan for kulturbrygg, idrett og friluftsliv 2015-2022, som på fleire punkt omhandlar felles tiltak.

2. Planprosess

I sak 2010/772 vedtok formannskapet i møte 04.12.2012 at det skulle lagast ein kommunedelplan for næring, landbruk og busetjing. Det praktiske arbeidet blei noko utsett i vente av at Kommuneplanen skulle bli ferdig. I sak 2014/211 vedtok kommunestyret at organisering av arbeidet skulle skje ved tre arbeidsgrupper med deltagarar frå administrasjonen, samt frå relevante lag og organisasjonar, samt to politikarar som skulle vere med i alle tre gruppene. Ordførar Erik Skjervagen blei valt til leiar av gruppene. Arbeidsgruppene har hatt slik samansetjing:

Tema næring	Tema landbruk	Tema busetjing
Erik Skjervagen , ordførar, leiar av gruppene Helge Veum , politikar		
Øyvind Kile og Aud Lukassen , Fyresdal Næringsorganisasjon	Knut Nesland , Fyresdal Skogeigarlag Kim Hopland , Fyresdal Bondelag Aslak Momrak-Haugan , skogbruksjef Elin Skålid , rådgjevar landbruk	May Britt B. Festervoll , Hauggrend Grendelag Kjell Arne Lauvrak , Moland Vel
Edvard Nesland , næringssjef - sekretær for gruppene		

3. Planperiode – revidering/evaluering/rapportering

Planen omfattar planperioden 2015 – 2018 og gjeld fram til kommunestyret reviderer planen. Planen skal reviderast minst ein gong pr. kommunestyreperiode. Rådmannen har ansvar for å setje i verk tiltak og fylge opp mål, strategiar og tiltak i planen. Tiltaka skal evaluerast ein gong i året.

4.1 Rapportering

Tiltaksdelen innan alle tre områda skal rapporterast og evaluerast i høve til gjennomføring og måloppnåing. Dette blir gjort i årsmeldinga til Kommunestyret.

4. Hovudmål og strategiar for planperioden

4.2 Hovudmål

- Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.
- Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.
- Arealforvaltninga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar.
- Arbeide for å sikre gode kommunikasjons- og samferdselsårer i Vest-Telemark

Utdrag frå Fyresdal kommune sin økonomiplan for 2015-2018, Fyresdal – gjer draumen levande.

4.3 Sterke og svake sider, moglegheiter og trugsmål

Enkel analyse med hovedtrekk, hovedsakleg basera på erfaringar, generelle oppfatningar og geografiske fakta:

Sterke sider

- Relativt god investeringsøkonomi
- Næringsfond
- Kultur for – og stolheit av - å vere utradisjonell, handlekraftig og fleksibel
- Gode oppvekstvilkår
- God kulturskule/godt idrettsmiljø
- Flott natur/toppturar/etablert vandremiljø
- Eitt naturleg sentrum
- Lokalpatriotisme
- Godt helsetilbod/god eldreomsorg
- Aktivt landbruksmiljø
- Sentrumsnære, attraktive bustadomter og leilegheiter
- Tilrettelagte næringstomter
- Telemark Kildevann as - nykelbedrift
- Drift på Fyresdal kurs og leirsted A/S
- Aktivt handelsmiljø
- Kultur for å skape arrangement

Svake sider

- Lågt folketal
- Stor avstand til by- og regionsenter
- Stor avstand til nabokommunesenter og alternativ arbeidsmarknad
- Geografisk størrelse – lang gjennomgangsveg
- Dårleg vegstandard sørover frå kommunesenter og på sidevegar
- Lite breidde i næringslivet
- Svak økonomi/investeringsvilje/-evne i næring
- Liten utviklings- og gründerkultur
- Lite tilgang på investeringskapital
- Generelt lågt utdanningsnivå
- Manglar turistmagnet

Moglegheiter

- God bukvalitet
- Store utmarksressursar
- Flyplass som arrangementsplass
- Pinsevennene og Fyresdal kurs- og leirsted
- Naturopplevelingar
- Folkestadbyen – attraktivt og variert handle- og besøkssenter
- Naturopplevelingar i Bryggeparken / Våmur
- Kompetansemiljø – spesielt innan naturforvaltning
- Styrke omdømmebygginga (utradisjonell, handlekraftig og fleksibel)
- Utvikling av Fyresdal Næringshage – fjernarbeidsplassar og kompetansemiljø
- Styrka utviklingskompetanse ved kommunesamanslåing / interkommunalt samarbeid

Trugsmål

- Sentralisering av arbeidsplassar/tenester
- Betydeleg folketalsnedgang / utflytting
- Stort fødselsunderskot
- Nedlegging/flytting av hjørnesteinbedrifter
- Svekka kommuneøkonomi
- Svekka attraktivitet/omdømme (neg. omtale)
- Svekka interkommunalt samarbeid
- Endra kommunestruktur (evt. samanslåing)
- Endra rikspolitiske rammer
- Innkjøpsordningar som hindrar lokal handel
- Kommunesamanslåing – utkantprofil og fare for demokratisk underskot

4.4 Særtrekk og statistiske hovudtrekk for Fyresdal

Folketalsutvikling:

Folketalet i Fyresdal pr. 01.01.15 er 1. 297 personar. Det er ein nedgang på 44 personar dei siste 10 åra. Prognose frå SSB med framskriving av folketalet syner eit folketal i Fyresdal på 1.269 i 2024, 1.282 i 2030 og 1.296 i 2040.

I 2013 var det ein netto utflytting på 39 personar. I perioden 2003 – 2013 har dette talet i gjennomsnitt vore heilt i balanse. I 2014 var netto utflytting 10 personar. I Vest-Telemark har Fyresdal størst prosentvis tilflytting, men og nest mest prosentvis utflytting. Både i 2012 og 2013 var det eit fødeslusunderskot på 8.

Næring:

Total sysselsetting i kommunen ligg rundt 664 personar (2013). Av desse er det 455 som har arbeidet sitt i Fyresdal, 209 utanfor kommunen. 76 av desse har arbeid innanfor Vest-Telemark-regionen, 16 i Nordsjøen. Fyresdal har prosentvis minst utpendling i Vest-Telemark. Det er 75 personar som pendlar inn til kommunen.

Av Vest-Telemarkkommunane har Fyresdal prosentvis flest busette (85,8 %) innanfor eigen kommune av dei som har arbeidsplassen sin i Fyresdal. Det betyr at arbeidsplassar som blir skapt i Fyresdal fører til busetting i Fyresdal.

Arbeidsløysa er låg, gjennomsnitt på 1,4 % i 2014.

Bare ei bedrift har over 20 tilsette, 5 har mellom 10 og 19 tilsette. Det er 226 bedrifter i kommunen - av desse er 45 aksjeselskap (2014).

82 personar er sysselsett innan bransje industri, 48 innan bygge- og anleggsverksem og 49 innan varehandel/reparasjon av motorvogn.

I 2014 var Fyresdal den kommunen som prosentvis hadde størst auke i Telemark i talet på verksemder, 8,4% - frå 219 til 245. Det var 26 nyetableringar i 2014, 14 i 2013, 13 i 2012. Dette talet har variert mellom 6 og 15 dei siste ti åra.

Hovudtyngda av alle næringsverksemde ligg i Sentrum/Molandsmoen. Dette gjeld og for handel og tenesteytande næring. Det er ikkje spesielt stor handelslekkasje til grannekommunar – bysentra og netthandel er større konkurrentar. Relativt liten handelsimport frå grannekommunar eller store hytteområde i eigen kommune eller i regionen. Ein ser likevel at hyttefolket og besökande ved arrangement skaper viktig handel for butikkar og overnatningsverksemder.

Spesielt handelsnæringa er prega av små verksemder med marginale driftsresultat og lite kapital til utvikling og investeringar.

Landbruk:

81 personar er i 2013 sysselsett innan verksemder som er registrert under jordbruk, skogbruk og fiske. Det er 18 bruk sauedrift og fire bruk med mjølkeproduksjon.

Dei siste åra har nivået på jordbruksareal i drift vore stabilt. Dyretalet – spesielt på sau – har vore i svak stigning, frå 893 i 2011 til 1.151 i 2013. Fleire bruk har etablert ny sauebesetning eller auka dyretalet, og det er auka aktivitet i husdyrhald-miljøet.

Fyresdal har tradisjonar for å vere ein skogbrukskommune med stor avverking og god aktivitet på planting og ungskogpleie. Dei siste åra har talet på tømmerleverandørar og total avverking i skogen gått vesentleg ned, hovudsakleg grunna vanskelege tilhøve for avsetning. Det har likevel vore stor aktivitet på skogpleie og bygging av skogsvegar - frå 2011 til 2013 auka utbetaling frå skogfond (til investering i skogbruket) med ca. 75 %.

Busetjing:

I tett samarbeid med to grunneigarar legg kommunen i 2015 til rette for to nye sentrumsnære tomteområder for bustadbygging: Tøddelia Øvre som ligg nordaust for Tøddebakkane og Moghusfeltet i Sørbygda. Det er og ledige tomter i det gamle kommunale bustadfeltet Tøddebakkane.

Einebustader:

I Fyresdal er det registrert 434 einebustader i privat eige, og 96 som vert leigd. I dei siste ti åra er det blitt bygd mindre enn ti nye hus i Fyresdal. Byggeaktiviteten har skjedd i Sørbygda, Tøddebakkane og på Prærien og Vestkanten. Det er størst interesse for tomter med godt utsyn, og med sentrumsnær plassering. Det har i mange år vore stor aktivitet på ombygging og oppussing/restaurering av både einebustader og gardshus.

Det er fast busetjing i nær alle delar av kommunen.

Leilegheiter:

I 2012 blei det ført opp eit nytt leilegheitsbygg med 7 leilegheiter i Tøddelia. Desse leilegheitene er for sal i den opne marknaden. På Århusjordet er det tre leilegheitsbygg med 12 leilegheiter, med bruksavgrensingar knytt mot LHL.

4.5 Strategiar - oversyn

4.5.1 Nærings

4.4.1.1	Sikre og styrke eksisterande arbeidsplassar og legge til rette for etablering av nye
4.4.1.2	Sikre nåverande nivå på service- og handelsverksemder, stimulere til vidareutvikling for desse, og etablering av nye
4.4.1.3	Utvikle Fyresdal som ein attraktiv arrangementsplass, med hovudvekt på bruk av flyplassområdet/Stykkjevika
4.4.1.4	Auke talet på overnattingsdøgn på hytter/fritidsbustader

4.5.2 Landbruk

4.4.2.1	Oppretthalde produksjon og verdiskaping i landbruksnæringa
4.4.2.2	Ta vare på kvalitetane i kulturlandskap, natur og grender
4.4.2.3	Utvikle nye og alternative landbrukstilknytta næringar
4.4.2.4	Utvikle utmarksressursane gjennom ei berekraftig vilt- og fiskeforvaltning

4.5.3 Busetjing

4.4.3.1	Stimulere til bygging av nye einebustader og leilegheiter
4.4.3.2	Sikre tilgang på attraktive utleigebustader i ulike storleikar, med hovudvekt på dei sentrumsnære områda
4.4.3.3	Skape og oppretthalde attraktive buminljø
4.4.3.4	Stabilisere folketalet i grondene og mogleg auke der det let seg gjere

5. NÆRING - Strategiar og tiltak

5.2 Strategi nr. 2	
Sikre og styrke eksisterande arbeidsplassar og legge til rette for etablering av nye	
Tiltak:	
5.1.1	Stø aktivt opp om utvikling av Fyresdal Næringshage som senter for kompetansearbeidsplassar, og andre nykelbedrifter.
5.1.2	Stimulere til at ungdom frå Fyresdal vel utdanning som bedrifter i Fyresdal har behov for.
5.1.3	Auke aktiviteten og fokuset på entreprenørskap i ungdomsskulen.
5.1.4	Sikre eit tilbod om tilrettelagte industritomter på Molandsmoen, klargjort med straum, vatn og kloakk til tomtegrense.
5.1.5	Halde fram med bruk av etablerings-, utviklings-, marknadsførings- og investeringstilskot for å stø opp om nye og eksisterande bedrifter.
5.1.6	Stø opp om samarbeidsprosjekt for felles marknads-føring av lokale produkt, og betre transport- og salskanalar
5.1.7	Arbeide aktivt for å betre standarden på vegane i kommunen, særleg fylkesveg 355, men og andre vegar som er viktige for næringsutvikling/reiseliv i kommunen.

5.2 Strategi nr. 2	
Sikre nåverande nivå på service- og handelsverksemder, stimulere til vidareutvikling for desse, og til etablering av nye	
Tiltak:	
5.2.1	Halde god dialog med ansvarlege for arrangement ved Fyresdal kurs og leirsted, Trollrally, motorsport- og flyarrangement og anna, for å sikre størst mogleg grad av lokalt innkjøp av varer og tenester.
5.2.2	Marknadsføre Våmur og Fyresdal sentrum attraktiv for auka bruk av fv. 355 som reiserute for både turistar og gjennomkjøringstrafikk mellom Sørlandet og Vestlandet, ved betre skilting, veggplakatar o.l. ved innkjøringane i nord og sør. «Opplevingsvegen».
5.2.3	Stø opp med aktiv marknadsføring av Fyresdal som eit handlesenter for turistar og hyttefolk både i Fyresdal og grannekommunane.
5.2.4	Ha ein aktiv turistinformasjon i Folkestadbyen.

5.3 Strategi nr. 3

Utvikle Fyresdal som ein attraktiv arrangementsplass, med hovudvekt på bruk av flyplassområdet/Stykkjevika

Tiltak:

5.3.1	Auke standarden på området rundt flytårnbygget, samt sjølve bygget, for å legge til rette for at dette skal vere eit høveleg senter for arrangørar på flyplassen, ved å: <ul style="list-style-type: none"> - Renovere flytårnbygget. - Etablere tilfredsstillande dusj- og toalettilbod i flytårnbygget eller ved mobile einingar. - Etablere oppstillingsplassar for bubar og campingvogner, samt depotbilar for motorsport. - Asfaltere delar av oppstillingsplassen for fly, samt inn- og utkøyrlingsfelta.
5.3.2	Legge til rette for bruk av Stykkjevika som arrangementsplass i samarbeid med Trollrallyarrangøren, og aktuelle moglegheiter for andre utandørs arrangement i området.

5.4 Strategi nr. 4

Auke talet på overnattingsdøgn på hytter/fritidsbustader

Tiltak:

5.4.1	Skape gode informasjonskanalar til hytteeigarar/-brukarar for marknadsføring av aktivitetar, arrangement og kulturtildot i kommunen.
5.4.2	Oppretthalde gode turløyper og vandrestiar med god standard og god skilting i alle delar av kommunen.
5.4.3	Bidra til eit godt samarbeid mellom grunneigarar, hyttelag og kommunen for å få eit godt tilbod med oppkjørde skiløyper i dei største hytteområda i kommunen.
5.4.4	Skape auka interesse for å heve standarden på lågstandardhyttene ved omregulering av hyttefelt til mellomsanitær eller høgsanitær standard.
5.4.5	Styrke marknadsføringa av kommunen som ein kommune med mange fiskevatn som skaper gode fiskeopplevelingar.

6. LANDBRUK - Strategiar og tiltak

6.1 Strategi nr. 1	
Oppretthalde produksjon og verdiskaping i landbruksnæringa	
Tiltak:	
6.1.1	Oppretthalde drift på nåverande landbruksareal.
6.1.2	Yte faghjelp og/eller økonomisk støtte til planlegging og gjennomføring av bruksutbygging.
6.1.3	Stimulere til å oppretthalde eit godt fagmiljø og høg kompetanse, mellom anna ved praktisk støtte til faglag og landbruksorganisasjonar.
6.1.4	Stø opp om samarbeidsprosjekt som bidreg til styrking av eksisterande bruk, som gjev betre arbeidstilhøve.
6.1.5	Stø opp om kvalitetsfremjande tiltak i skogbruket gjennom målretta vegleiing og bruk av økonomiske verkjemedel.
6.1.6	Aktiv informasjon og rådgjeving for auka avverking og skogkulturtiltak.
6.1.7	Stø opp om tiltak for opprusting og vedlikehald av skogsbilvegar/traktorvegar slik at desse tilfredsstiller dagens krav til standard. Vere pådrivar for å fjerne flaskehalsar som hindrar rasjonell tømmertransport på privat og offentleg vegnett.
6.1.8	Vere pådrivar for aktiv drift av veglag/etablering av veglag for skogsbilvegar.

6.2 Strategi nr. 2	
Ta vare på kvalitetane i kulturlandskap, natur og grender	
Tiltak:	
6.2.1	Stimulere til aktiv bruk av kulturlandskapet som ressurs for andre næringar, t.d. gards- og støylsturisme, vandring og opplevelingsturisme
6.2.2	Ta vare på utmark og naturkvalitetar som grunnlag for naturopplevelingar og friluftsliv.
6.2.3	Stø opp om kulturlandskapstiltak/rydding langs hovudferdselsårer der dette vil auke opplevelings- og landskapskvaliteten.
6.2.4	Hindre attgroing ved å stimulere til satsing på besetningar med sau og ammekyr

6.3 Strategi nr. 3	
Utvikle nye og alternative landbrukstilknytta næringar	
Tiltak:	
6.3.1	Stø opp om utvikling av landbrukstilknytta tilleggsnæringer som bidreg til sysselsettingseffekt på gardsbruket.
6.3.2	Bidra til auka lokal foredling av lokale landbruksprodukt.

6.3 Strategi nr. 4	
Utvikle utmarksressursane gjennom ei berekraftig vilt- og fiskeforvaltning	
Tiltak:	
6.4.1	Ta vare på samanhengande og verdfulle utmarksområde og viltbiotopar/biologisk mangfold
6.4.2	Stimulere til samarbeidstiltak og organisering av grunneigarlag/utmarkslag
6.4.3	Oppretthalde storvaldorganiseringa for viltforvaltning og arbeide for å etablere viltregionar på tvers av kommunegrensene
6.4.4	Gjennomføre kartlegging av beitetilgang for hjortevilt i heile kommunen
6.4.5	Halde hjorteviltstamme på eit berekraftig nivå sett i høve til beitetilgang og ressursutnytting

7. BUSETJING - Strategiar og tiltak

7.1 Strategi nr. 1	
Stimulere til bygging av nye einebustader og leilegheiter	
Tiltak:	
7.1.1	Bidra til å sikre tilgang på attraktive, rimelege bustadomter - både sentrumsnært og i utkantane
7.1.2	Halde fram med tilskotsordningar for bygging både i og utanfor kommunale byggffelt
7.1.3	Etablere oversyn over aktuelle tomter/-områder ved kart, foto/digital presentasjon og eventuelle reguleringsplanar, og gjere det lett tilgjengeleg for interessentar
7.1.4	Aktiv marknadsføring av attraktive tomter til tilflyttarar, og ved rekruttering av arbeidskraft
7.1.5	Positiv haldning til å gi dispensasjon frå krav om reguleringsplan ved sal av 1-2 tomter
7.1.6	Positiv haldning til å gi løyve til frådeling av tomter for bygging av bustader
7.1.7	Kartlegge aktuelle sentrumsnære areal/tomter for bygging av einebustader, leilegheiter, og alders- og omsorgsbustader
7.1.8	Etablere kontakt med Husbanken, synleggjere aktuelle finansieringsformer på kommunen si nettside, og ved informasjonsmøter

7.2 Strategi nr. 2	
Sikre tilgang på attraktive utleigebustader i ulike storleikar, med hovudvekt på dei sentrumsnære områda	
Tiltak:	
7.2.1	Sikre at kommunale utleigebustader blir gjennomgangsbustader, og ikkje bruk til langtidsleige
7.2.2	Sikre at kommunen sjølv held god standard på eigne hus og leilegheiter.

7.3 Strategi nr. 3	
Skape og oppretthalde attraktive bumiljø	
Tiltak:	
7.3.1	Bistå med etablering og utvikling av utandørs og innandørs aktivitets- og møteplassar for folk i alle aldrar i både eksisterande og nye bumiljø/bustadområde.
7.3.2	Gateljos i nye og eksisterande bustadfelt, jfr. vedtatt Trafikksikkerheitsplan for Fyresdal kommune.

7.4 Strategi nr. 4	
Stabilisere folketalet i glandene og mogleg auke det der det let seg gjere	
Tiltak:	
7.4.1	Gode tilskotsordningar til private vegar og til vesentleg opprusting av hus, for å sikre busetnad i alle delar av kommunen
7.4.2	Oppretthalde løvning av kulturmidlar til aktive glandelag

8.Vedlegg

- a. Utvikling i folketalet
- b. Alderssamansetting i Fyresdal 1990 og 2014
- c. Framskrivingsprognose folketalsutvikling
- d. Alderssamansetting i Fyresdal 1991 - 2014
- e. Befolking – grunnkretsar i Fyresdal 2001 – 2014
- f. Utdanningsnivå i Fyresdal
- g. Oversyn - verksemder fordela på bransjar
- h. Sysselsette etter næring
- i. Pendlingsstraumar for Fyresdal
- j. Ut- og innpendling i Fyresdal
- k. Pendlings- og busettingsmønster i Vest-Telemark
- l. Saker/utbetaling frå Næringsfondet i Fyresdal 2010-2014
- m. Overnatningsstatistikk
- n. Skogbruksstatistikk Fyresdal – utvikling 2012 – 2014
- o. Landbruksstatistikk Fyresdal – utvikling 200 - 2014